

# Vestlandsrådet

## Vestlandsrådet sitt arbeidsutval (AU)

07.12.17 kl. 08:00 – 08:45

Skype/telefon, jf. innkalling i Outlook 13. november

Telponnr.: 57637199 / Konferanse-ID: 808127.

### Sakliste

AU-sak 21/17	Protokoll fra Vestlandsrådet sitt møte 25.10.17.	Godkjenning
AU-sak 22/17	Handlingsplan for regional cruisestrategi 2018-20: Høyring.	Orientering
AU-sak 23/17	Nasjonal transportplan: Handlingsprogram 2018–2023: Fråsegn.	Orientering
AU-sak 24/17	NSC: Etablering av permanent sekretariat: Søknad/søknadsprosess.	Drøfting
AU-sak 25/17	Fjord Noreg AS: Scenarioprosjekt 2030 for reiselivet: Konkurranse.	Drøfting
AU-sak 26/17	NSC Brexit Task Force: Statusrapport.	Orientering
AU-sak 27/17	Saker under arbeid: Oversyn.	Orientering
AU-sak 28/17	Tour des Fjords: Støtteerklæring fra Vestlandsrådet (jf. eige brev/vedlegg).	Orientering

Vestlandsrådet og AU har jf. vedteken møteplan sine første møte i 2018 på følgjande tidspunkt:

Arbeidsutvalet (AU): 25.01.18: Skype-/tlf.møte 08:00–08:45 (møteagenda for VR 15.02.18).  
Vestlandsrådet: 15.02.18: Bergen.

## AU-sak 21/17: Protokoll frå Vestlandsrådet sitt møte 25.10.17.

Vestlandsrådet hadde onsdag 25.10.17 årets tredje møte ved Quality Airport Hotel, Stavanger. I møtet var det fem orienteringar innleiingsvis, og deretter sakshandsaming av til saman 13 vedtakssaker. Protokollen ligg ved som vedlegg 1.

### Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet sitt AU til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet sitt AU godkjenner møteprotokollen frå møtet 25.10.17.

---

## AU-sak 22/17: Handlingsplan for regional cruisestrategi 2018-20.

Vestlandsrådet slutta seg 25.10.17 til utkastet til «Handlingsplan for cruisestrategi for vestlandsfylka 2018-2020». Det vart vedteke å leggje handlingsplanen ut på ei høyring med høyringsfrist 02.01.2018.

Deretter vert det lagt opp til handsaming i kvar av dei fire fylkeskommunane, før handlingsplanen vert endeleg vedteken av Vestlandsrådet.

Vestlandsfylka sin handlingsplan for cruisestrategien er m.a. lagt på høyring gjennom denne [lenkja](#).

### Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet sitt AU til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet sitt AU tek statusorienteringa om høyringa av handlingsplanen for regional cruisestrategi til vitande.

## AU-sak 23/17: Nasjonal transportplan: Handlingsprogram 2018–2023.

Statens vegvesen la 13.10.17 «Handlingsprogram 2018–23» (Nasjonal transportplan 2018–29) ut på høyring til fylkeskommunane og store bykommunar med frist 31.12.17. Handlingsprogrammet er ei konkretisering av første seksårsperiode i NTP 2018–29, og dannar grunnlaget for dei årlege løvyingane i stasbudsjettet i perioden. Programmet skal vedtakast av vegdirektøren i februar neste år.

Fylkesrådmannen sender etter AU si handsaming/godkjenning av protokollen frå VR-møtet 25.10.17 inn vedtaket som vart gjort i VR-sak 22/17 til Statens vegvesen ved vegdirektøren som Vestlandsrådet sin felles høyringsuttale.

### Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet sitt AU til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet sitt AU tek orienteringa om NTP-handlingsprogrammet til vitande.

---

## AU-sak 24/17: Nordsjøkommisjonen: Etablering av permanent sekretariat.

Vestlandsrådet gjekk 25. oktober 2017 inn for at fylkeskommunane på Vestlandet skal melde si interesse for å ta på seg rolla som permanent sekretariat i Nordsjøkommisjonen (NSC), anten ved at eitt fylke eller Vestlandsrådet i fellesskap søker om dette innan fristen 20. desember 2017. Vestlandsrådet ser det som ein føresetnad at alle norske medlemsregionar/fylkeskommunar medverkar i eit spleiselas på finansieringssida, og sekretariatet fekk i oppgåve å klargjere dette fram mot søknadsfristen.

Vestlandsrådet gav AU fullmakt til å fullføre denne søknadsprosessen i første omgang, og bad samstundes om at det til første møte i 2018 vert lagt fram ei eiga sak som synleggjer ein søknad samt ei mogleg organisering for eit slikt sekretariat. Fylkesrådmannen syner til vedlagde brev som gjekk ut til alle norske medlemsregionar om mogleg medverknad i eit spleiselas på finansieringssida av eit slikt sekretariat.

Fylkesrådmannen legg også her ved sitt førebelse framlegg/utkast til brev til Nordsjøkommisjon frå Vestlandsrådet der Vestlandsrådet melder si interesse for å ta over sekretariatet frå juni 2018.

Det er sett ein frist til 20. desember 2017 for interesserte regionar til å melde si interesse til å vere vertskap for eit permanent sekretariat. Ein søknad må innehalde ei kortfatta skildring av korleis eit sekretariat kan organiserast. Det å melde si interesse er ikkje bindande. Styret i Nordsjøkommisjonen vil starte forhandlingar med interesserte regionar med mål om å ha ein formell avtale på plass til styremøtet i mars 2018. I mars 2018 må difor interesserte regionar vere villige til å forplikte seg til denne oppgåva.

Det nye sekretariatet skal ta over frå 01.06.2018, og vil ha denne rolla fram til 31.12.2021. På årsmøtet i 2021 vil det vere mogleg å velje ei anna organisering eller for andre partar å ta over sekretariatet. I det norske formøtet til Executive Committee 17.10.2017 vart det orientert om at etablering av eit permanent sekretariat var tema på Vestlandsrådet sitt møte 25.10.2017. Dei norske medlemene konkluderte då slik: «De norske medlemmene er positivt innstilte til å være med på et spleiselas vedr. norsk sekretariat»

Dei fire fylkeskommunane som samarbeider gjennom Vestlandsrådet (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland) ønskjer å utvikle modellen slik at kostnadene vert likt fordelt på dei norske medlemsregionane; 11 fylkeskommunar. Dette inneber at alle dei norske medlemsregionane må vere innstilte på å bidra med om lag kr. 156 000,- årleg. Vestlandsrådet meiner vertskapsrolla for sekretariatet i NSC vil gje moglegheiter for påverknad og nettverking, og at dette kan utgjere ein føremon for alle dei norske medlemsregionane, særleg sidan Noreg står utanfor EU. Dette vil kunne vege opp for dei ekstra utfordringane dette inneber.

Regionreforma kan vere ei utfordring for denne modellen. Allereie frå 2020 vert det færre fylke og difor færre medlemmar i Nordsjøkommisjonen. Det er difor viktig at alle sluttar seg til prinsippet. For Vestlandsrådet vil det truleg vere avgjerande for å fremje forslag til organisering at dei norske medlemsfylka går saman om eit slikt spleislag, også for perioden etter 1.1.2020.

## Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet sitt AU til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet sitt AU tek orienteringa om status i søknadsprosessen til vitande, og stadfestar at Vestlandsrådet melder si interesserte for å vere vertskap for eit permanent sekretariat for Nordsjøkommisjonen innan den første uforpliktande søknadsfristen 20.12.17.
2. Vestlandsrådet sitt AU ber om at det til første møte i Vestlandsrådet i 2018 vert lagt fram ei eiga sak som synleggjer ein søknad samt ei mogleg organisering for eit slikt sekretariat. Saka må synleggjere tilbakemeldingane som på dette tidspunktet er komne inn frå dei norske medlemsregionane/fylkeskommunane i Nordsjøkommisjonen i høve medfinansiering.
3. Saka til Vestlandsrådet 15.02.18 må også diskutere om ein eller alle dei fire fylkeskommunane formelt vil ha sekretariatsrolla, og syne modellar for korleis arbeidet praktisk kan organiserast.

---

## AU-sak 25/17: Fjord Noreg AS: Scenarioprosjekt 2030 for reiselivet.

Vestlandsrådet tok 25.10.17 den varsle søknaden frå Fjord Noreg AS om støtte til eit scenarioprosjekt for reiselivet på Vestlandet fram mot 2030 til vitande. Vestlandsrådet si samla vurdering var at Fjord Noreg AS vil vere ein godt eigna aktør til å utarbeide eit slikt scenarioprosjekt, som omfattar dei fire fylkeskommunane på Vestlandet.

I samband med handsaminga av budsjettet for 2018, i VR-møtet 15.02.2018, ønskjer Vestlandsrådet å vurdere nærmare om ein skal gje ei eiga løvning til Fjord Noreg AS og scenarioprosjekt 2030. Det vart 25.10.17 ikkje slått fast kor stor del Vestlandsrådet ev. vil gå inn med i prosjektet.

Vestlandsrådet sitt arbeidsutval fekk i oppgåve å greie ut og drøfte om Vestlandsrådet kan gje eit direkte tilskot (offentleg tilskot/støtte) til Fjord Noreg AS for å få gjennomført «Scenarioprosjekt 2030», eller om det må gjennomførast ein offentleg konkurranse basert på eit gjennomarbeidd oppdrag/konkurransegrunnlag for arbeidet (offentleg tenestekjøp/anskaffing).

# Vestlandsrådet

Fylkesrådmannen sluttar seg til styret i Fjord Noreg AS som meiner det vil vere nytig å arbeider fram eit overordna scenariobilete for reiselivet på Vestlandet. Eit scenariobilete vil seie noko om korleis vi sikrar ei berekraftig utvikling av landsdelen fram mot 2030, og eit scenarioprosjekt der reiselivsnæringa, destinasjonar, fylkeskommunane, kommunar og Fjord Noreg i fellesskap definerer eit framtidssbilete av landsdelen som reisemål vil vere verdifullt for fylkeskommunane si næringsretta satsing.

Dei fire fylkeskommunane i Vestlandsrådet har, sidan Fjord Noreg AS vart starta, gjeve støtte til reiselivsnæringa si internasjonale marknadsføring gjennom selskapet. Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar er eigarar i selskapet. Fylkeskommunane eig 8,9% kvar av aksjane i selskapet, og er samla den største eigaren. Fjord Noreg AS sitt mandat er internasjonal marknadsføring av reiselivet på Vestlandet. Dei fire fylkeskommunane har støtta dette arbeidet sidan starten gjennom ei felles avtale og tildeling. I 2017 var denne støtta på 3 mill.kr. frå kvar fylkeskommune. Fjord Noreg AS har også søkt om tilsvarende beløp frå dei fire fylkeskommunane for 2018.

Fylkesrådmannen har ved innkjøpssjef og juridisk sjef vurdert ei eiga løying til scenarioprosjektet, og finn at det bør gjennomførast ein offentleg konkurranse basert på eit gjennomarbeidd konkurransegrunnlag for eit slikt arbeid. Fylkesrådmannen konkluderer såleis med at reglane for offentleg tenestekjøp/anskaffing vil gjelde i denne saka, sjølv om dei fire fylkeskommunane utgjer den største samla eigaren i selskapet Fjord Noreg AS, jf. Lov om offentleg anskaffing §3 og §5 ([lenkje](#)).

Fylkesrådmannen tilrår difor at sekretariatet kontaktar minimum tre FoU-miljø eller reiselivsselskap med målsetjing om å hente inn tilbodsskisser på ei utgreiing knytt til temaet «Scenarioprosjekt for reiselivet på Vestlandet 2030». Konkurransegrunnlaget kan bygge på den framlagde skissa frå Fjord Noreg AS, og næringsgruppa (næringssjefkollegiet) i Vestlandsrådet bør i fellesskap utarbeide/ferdigstille det endelige konkurransegrunnlaget som går ut frå sekretariatet.

Fylkesrådmannen rår til at det vert sett ein frist for levering av tilbodsskisser i høve utgreiingsoppdraget til 01.02.18, slik at fylkesrådmannen/sekretariatet vinn å leggje fram ei eiga sak om dette til Vestlandsrådet si budsjettetthandsaming 15.02.18.

## Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet sitt AU til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet sitt AU sluttar seg til at minimum tre aktuelle FoU-miljø og/eller reiselivsselskap vert kontakta med førespurnad om å presentere tilbodsskisse på ei utgreiing knytt til temaet «Scenarioprosjekt for reiselivet på Vestlandet 2030».
2. Det vert sett ein frist for levering av tilbodsskisser i høve utgreiingsoppdraget til 01.02.18.
3. Vestlandsrådet sitt AU ber om at det vert lagt fram ei eiga sak om dette til Vestlandsrådet si budsjettetthandsaming 15.02.18.

## AU-sak 26/17: NSC Brexit Task Force – statusrapport

Nordsjøkommisjonen (NSC) si «Brexit Task Force» hadde møte i Brüssel 08.11.17. Møtet starta med ein rapporteringsrunde frå nokre av medlemsregionane som merkar direkte konsekvensar av Brexit: Aberdeen City, Bremen og Västra Götaland. Västra Götaland sin presentasjon handla om konsekvensane for dei såkalla «H2020-prosjekta» (EU sitt forskingsprogram) som regionen deltek i, der det stort sett er britiske partnarar i alle prosjektgruppene. Det er framleis uklart om britiske partnarar kan halde fram i denne typen samarbeidsprosjekt etter april 2019. Dette vil ev. også gjelde innanfor andre EU-program (utdanning, kultur, ungdom), i tillegg til Interreg-programma.

Deretter vart det i møtet utforma eit brev frå styremedlemene i NSC som uttrykkjer ein felles uro som Nordsjøregionane no opplever: Det mellomstatlege og ikkje minst det inter-regionale samarbeidet rundt Nordsjøen bør bli minst mogleg skadelidande av Brexit, og samarbeidet bør heller styrkast som ein konsekvens av Brexit.

På Brexit-konferansen i Cardiff 15.11.17 heldt Kerstin Brunnström, president i Nordsjøkommisjonen, eit innlegg der ho peikte på at etter Brexit vil om lag halvparten av medlemsregionane vere frå ikkje-EU-land. Ho peikte vidare på at hennar eigen by, Göteborg, tradisjonelt og i stor grad er tufta på internasjonal handel. NSC si haldning er at det som no trengst er meir – og ikkje mindre – handelssamarbeid i og rundt heile Nordsjøregionen. Nordsjøregionen vil bli ramma av Brexit på fleire måtar:

1. Økonomien i alle regionane vil bli påverka.
2. Handel: Storbritannia er viktigaste handelspartner for dei fleste regionane i Nordsjøregionen. Det kan skapast nye handelsbarrierar, nye reiserestriksjonar, eit nytt tollregime m.m. dersom det ikkje kjem på plass ein ny handelsavtale EU-UK og UK-EØS.
3. Vekst og sysselsetting vil kunne bli skadelidande og kan berøre over 1 million arbeidsplassar i Nordsjøregionen.
4. Det gode samarbeidet gjennom EU-program som H2020 vil lide, UK deltek i svært mange prosjekt og koordinerer mange av disse, og UK-partnarar deltek i 50% av prosjekta i Interreg Nordsjøen.
5. Forvaltninga av Nordsjøen, m.a. når det gjeld skipsfart, fiskeri, olje/gass-utvinning, offshore energiproduksjon og fordelingsnett (grid), reiseliv, forureiningsfare/risiko, kan bli vanskeligare.
6. I tillegg til desse områda, må ein også utvikle nytt samarbeid omkring maritim planlegging og maritim tryggleik.

Avslutningsvis vart det drøfta om tida no ikkje er inne til å etablere ein makroregional strategi for Nordsjøregionen. Andreas Lervik frå Østfold fylkeskommune heldt eit innlegg, der han peikte på utfordringane Noreg og norske regionar står overfor når Storbritannia også går ut av EØS-samarbeidet.

### Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet sitt AU til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet sitt AU tek orienteringa om status for arbeidet i Brexit Task Force til vitande.

# Vestlandsrådet

## AU-sak 27/17: Saker under arbeid – oversyn til orientering.

Fylkesrådmannen vil kort nemne sakerne som sekretariatet i tillegg til nemnde saker no arbeider med fram mot VR-møta i 2018:

1. Budsjett 2018 vert lagt fram 15.02.18, etter ein nærmare dialog i sekretariatet.
2. Fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane er, som innstillinge fylkesrådmann i 2017, til møtet 15.02.18 ansvarleg for å leggje fram rekneskapen for 2017.
3. Fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane er til 15.02.18 ansvarleg for å leggje fram årsrapport for 2017.
4. Prosjekt «Tiltak mot marin forsøpling»: Vestlandsrådet/samarbeidspartane sin søknad om prosjektstøtte frå Miljødirektoratet (søknadsfrist mars 2018) vert lagt fram 15.02.18.
5. Rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten: Oppfølging av VR-sak nr. 16/17 (25.10.17) vert lagt fram for Vestlandsrådet 15.02.18.
6. Felles hydrogenstrategi for dei fire fylkeskommunane i Vestlandsrådet vert lagt fram 15.02.18.
7. Det vert arbeidd med ei konkretisering sak om felles innspel til ny stortingsmelding for kultur. Denne saka vert lagt fram for Vestlandsrådet til første møte i 2018. Vestlandsrådet vil då også ha høve til å vurdere og følgje opp ev. tilrådingar frå regjeringa sitt ekspertutval vedkomande kulturområdet.
8. Marin rekruttering og kompetanse: Marin gruppe arbeider med ei sak som følgjer opp tidlegare initiativ, jf. skriv/notat nr. 3 til Vestlandsrådet sitt møte 25.10.17.
9. Sekretariatet har byrja ei intern sondering knytt til ei eiga sak om «Vestlandsrådet – funksjon, rolle og arbeidsform i perioden 2017-20». Fylkesrådmennene vurderer nærmare når saka vert lagt fram for Vestlandsrådet, og saka har tidlegare vore varsla til første møte i 2018.
10. Endelig sak/vedtak for handlingsplanen for regional cruisestrategi vert lagt fram for Vestlandsrådet så snart dei fire fylkeskommunane har fått handsama planen.

Sekretariatet har førebels følgjande stadfesta føredragshaldarar til Vestlandsrådet 15.02.18:

1. Njål Tengs Abrahamsen, direktør Marin infrastruktur, Kartverket: «Føredrag om marine grunnkart langs kysten – utfordringar og mulegheiter». Jf. avtale datert 21.09.17 og skriv nr. 2 til dette møte.
2. Hilde Johanne Svendsen, prosjektleiar i Møreforsking, orienterer om funn og tilrådingar til Vestlandsrådet sin vidare strategi knytt til «Rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjene».

## Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet sitt AU til å gjøre følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet sitt AU tek orienteringa om saker under arbeid til vitande.

---

## AU-sak 28/17: Tour des Fjords: Støtteerklæring frå Vestlandsrådet.

Jf. innsendt brev/vedlegg her.